

Samarbeidsavtale

DigiVestland

Frå 01.01.2025



Versjon	Dato	Behandling	Status
0.8-versjon	7. mai 2024	Operativ styringsgruppe	Ferdig
0.85-versjon	15. mai	Styringsgruppa	Ferdig
0.9-versjon	28. mai	KDU og utsending til kommunane	Under arbeid
1.0-versjon	September	Politisk behandling i kommunane	Ikkje starta

1. Om avtalen

Denne avtalen gjeld digitaliseringssamarbeid mellom kommunane i Vestland fylke, og er gjeldande frå 01.01.2025.

Avtalen gjeld følgande kommunar/herad:

Alver, Askvoll, Askøy, Aurland, Austevoll, Austrheim, Bergen, Bjørnafjorden, Bremanger, Bømlo, Eidfjord, Etne, Fedje, Fitjar, Fjaler, Gloppen, Gulen, Hyllestad, Høyanger, Kinn, Kvam, Kvinnherad, Luster, Lærdal, Masfjorden, Modalen, Osterøy, Samnanger, Sogndal, Solund, Stad, Stord, Stryn, Sveio, Sunnfjord, Tysnes, Ullensvang, Ulvik, Vaksdal, Vik, Voss, Øygarden, Årdal.

Avtalepartane skal arbeide for at avtalen sitt formål blir oppnådd. Dette avheng av at alle partar deltek.

Avtalen inneber at DigiVestland, som til no har vore organisert som eit vertskommunesamarbeid, frå 01.01.2025 blir etablert som eit oppgåvefelleskap etter kommunelova kapittel 19. Namnet på oppgåvefelleskapet skal vera «DigiVestland KO»

I samband med underteikning av avtalen, skal kommunestyret i kvar deltakande kommune oppnemne ein folkevald representant og ein folkevald vararepresentant til representantskapet for oppgåvefelleskapet.

Samarbeidsavtalen for DigiVestland avløyser den førre avtalen mellom kommunane i Vestland. Samarbeidet byggjer vidare på arbeid utført i førre avtaleperiode.

2. Formål og oppgåver

2.1. Formål

Diginettverkene har nasjonal politisk forankring frå landstinget i KS. Nettverka skal vera eit verkemiddel for samordning av digitaliseringsarbeidet, kvalitetsforbetring og effektivisering av dei kommunale tenestene. Diginettverkene skal styrke den samla kompetansen og dele på nøkkelkompetanse, auke gjennomføringskrafta i utbreiing og gevinstrealisering av nasjonale løysingar og prosjekt, og vera ein sentral og aktiv deltakar i KS sin samstyringsstruktur på digitaliseringsområdet.

Formålet skal sikre at man i fellesskap arbeider for gode og samanhengande digitale tenester til innbyggjarane uavhengig av kva kommune ein bor i.

Formålet med samarbeidet om DigiVestland er å gi bistand til kommunane sitt digitaliseringsarbeid, og auka kommunane sin gjennomføringskraft, ved å

- ha ein koordinerande rolle i digitaliseringsarbeidet i Vestland fylke.
- styrke og dele den samla kompetansen i Vestland.
- støtta kommunane i auka utbreiing, bruk og gevinstrealisering av løysingar og prosjekt.
- ta del i nasjonalt arbeid, forsterka og påverke utviklingsarbeidet, som å delta i samstyingsstrukturen for å få fram behova i sektoren.
- på vegne av nasjonale aktørar, utføra oppgåver og ta ansvar for å støtta kommunane i deira arbeid.

2.2. Oppgåver

DigiVestland skal oppfylla formåla gjennom fire innsatsområde. Representantskapet kan revidera desse ved behov.

Samhandling

Mål: god samhandling regionalt og nasjonalt, med open dialog og informasjonsflyt.

Gjennom DigiVestland-samarbeidet skal kommunane få tilgang til strategiar, rapportar, FoU-ar, og aktivitetar som kjem frå aktørar i økosystemet og samstyingsstrukturen, og gjere regionale prioriteringar for oppfølging og koordinering av desse.

Kompetanse

Mål: Tilstrekkeleg tilgang til kompetanse og kapasitet innanfor digitalisering.

Gjennom DigiVestland-samarbeidet skal felles tiltak, prosjekt, innføringsløp, fag- og tenestegrupper, arbeidsgrupper og nettverk bli tilrettelagd for kommunane, for å bidra til god leiing av den digitale transformasjonen.

Konsept- og prosjektforslag

Mål: gode konsept- og prosjektforslag blir identifisert og fremma.

Gjennom DigiVestland-samarbeidet kan kommunane legge fram sine behov, som DigiVestland bringer inn i den nasjonale samstyingsstrukturen.

Felles digitale løysingar

Mål: effektiv innføring av nye nasjonale og regionale løysingar.

Gjennom DigiVestland-samarbeidet skal kommunane gjera prioriteringar av fellesløysingar og tiltak, og ha tilbod om rettleiing knytt til felles innføringsløp med gevinstrealisering. Ved behov kan samarbeidet koordinera felles prosessar for anskaffing i marknaden.

2.3. Årleg oppdragsbrev

Det er representantskapet som vedtek strategi for samarbeidet. Dette gjerast første gong i konstituerande møte, deretter kvart fjerde år. Strategien skal beskrive kva innsatsområde DigiVestland skal ha for å oppfylla formåla. Strategien skal følgast opp med årleg oppdragsbrev.

Innsatsområda blir konkretisert gjennom tiltak og prosjekt som skal prioriterast årleg og leggest fram for styringsgruppa for vedtak.

2.4. Forholdet til andre

Ved utarbeiding av strategi og årleg oppdragsbrev, skal ein ta omsyn til, og avstemma med andre løypande interkommunale samarbeid, som deltakande kommunar har om digitalisering. Dette for å gjensidig sikre at formålet med samarbeidsavtalen blir styrka og tydeleg.

3. Organisering og styringsmodell

Oppgåvefelleskapet er ikkje eige rettssubjekt. Bergen kommune er kontorkommune for DigiVestland KO.

Oppgåvefelleskapet skal i tråd med kommuneloven ha eit representantskap, ei styringsgruppe og ein dagleg leiar for det administrative arbeidet i kontorkommunen. Representantskapet tek stilling til mynde og oppgåver.

3.1. Representantskapet

Representantskapet er det øvste organet i DigiVestland, og skal bestå av ein folkevald representant og ein folkevald vararepresentant frå kvar deltakande kommune. Kommunane sine representantar skal veljast av kommunestyra, for ei periode på fire år som følg kommunestyreperioden. Kommunen kan likevel skifte ut sine representantar i løpet av perioden. Representantskapet vel sjølv leiar og nestleiar for perioden.

Representantskapet skal sjå til at verksemda i det kommunale oppgåvefelleskapet blir forvalta innanfor rammene av samarbeidsavtalen, og at delegert mynde blir utøvd i samsvar med vedtekne mandat.

Det er representantskapet som fattar avgjersle om:

- delegering av mynde etter kommunelova §19.3, 5. ledd
- leiar og nestleiar for styringsgruppa
- styringsstruktur i oppgåvefelleskapet og mandat for styrande organ
- endringar i avtalen etter kommunelova kapittel 19
- strategi og oppdragsbrev til oppgåvefelleskapet

Kvar deltakande kommune har ei stemme i oppgåvefelleskapet. Dersom ikkje anna går fram av avtalen, kan vedtak fattast ved alminneleg stemmefleirtal. Ved stemmeliikskap har Bergen kommune som kontorkommune, to stemmer. Representantskapet er vedtaksføre når minst halvparten av deltakarkommunane er representert.

Representantskapet møtast minst ein gong i året, eller hyppigare dersom det er nødvendig for å ivareta oppgåvene på ein god måte.

Representantskapet skal kvart år gjennomgå drifta, ved å behandle sak frå styringsgruppa med gjennomgang av verksemda, portefølje og økonomiske forhold.

Representantskapet har full instruksjons- og omgjeringrett over avgjersle tatt av underordna styringsorgan, og kan trekke tilbake og endre delegert mynde til desse.

Representantskapet tar sjølv stilling til behov for å få utarbeida eit reglement, som til dømes kan omhandla møteform, og behov for sekretær, valkomité eller innstillingsråd ved tilsetting av dagleg leiar.

3.2. Styringsgruppa

Styringsgruppa sine medlemmar blir oppnemnd av representantskapet. Ved oppnemning av styringsgruppa skal representantskapet leggje vekt på omsynet til kontinuitet i oppgåveløysinga og representativ samansetting.

Det er representantskapet som utnemner leiar og nestleiar for styringsgruppa.

Styringsgruppa skal ha 7-10 representantar. 3-4 frå dei største kommunane i fylket, 2-3 frå ikt-samarbeida, og 2-3 frå andre kommunar. KS Vestland er fast observatør, og styringsgruppa kan ta inn andre observatørar ved behov.

Styringsgruppa har ansvar for realisering av formåla og gjennomføring av oppgåvene til samarbeidet. Styringsgruppa skal vedta mandat og budsjett for prosjekt, og medverke til at desse er forankra i dei deltakande kommunane.

Det er styringsgruppa som vedtek prosjektporteføljen til DigiVestland. Dagleg leiar har ansvar for arbeidet med porteføljen.

Styringsgruppa blir delegert mynde frå representantskapet jf. Kommuneleien § 19-3, 5. ledd, og fattar vedtak om tilsetting av dagleg leiar, etter innstilling frå kontorkommunen.

3.3. Dagleg leiar

Dagleg leiar er tilsett i kontorkommunen, og underordna styringsgruppen. Dagleg leiar har ansvar for å førebu saker som skal til behandling i styringsgruppen og representantskapet.

Dagleg leiar har møterett i styringsgruppemøte og representantskapsmøte, med unntak av i saker som omhandlar dagleg leiar sitt eige arbeidsforhold.

Dagleg leiar har ansvar for å realisere samarbeidet etter samarbeidsavtale, mandat og andre vedtak fatta i anten representantskapet, styringsgruppa eller andre med delegert mynde.

3.4. Kommunedirektørmøte

Kommunedirektørane i alle kommunar som er part i avtalen, samlast årleg for å gi innspel og bidra til utarbeiding av strategi og årleg oppdragsbrev for DigiVestland. Representantskapet kan ved behov delegere faste oppgåver til kommunedirektørane.

3.5. Andre organ

Det er representantskapet, eller den representantskapet har delegert mynde til, som fattar vedtak om etablering av andre organ. Dersom eit mandat inneheld vidare delegering av mynde skal det behandlast i representantskapet.

4. Kommunane sine pliktar

For at DigiVestland skal nå formåla, skal kontorkommunen drifte og ha ein koordinerande funksjon for samarbeidet.

Kommunane utgjer samarbeidet i DigiVestland, og må delta aktivt for å få nytte av samarbeidet. Kvar kommune skal ha ein ansvarleg ressurs som forvaltar samarbeidet og avtalen på vegner av kommunen. Kommunen skal òg peika ut ansvarlege kontaktpersonar for teneste- og fagområda.

Ved deltaking i aktivitetar i DigiVestland, er kommunane forplikta til å bidra aktivt med kapasitet og kompetanse gjennom eigeninnsats i arbeidet.

Alle deltakande kommunar, eller deira delegerte representant, kan forplikta seg til å ta ansvar for regionale aktivitetar.

Kommunane skal sjølv arbeida med behovskartlegging og tenesteutvikling, og på bakgrunn av dette, kunne spille inn konsept- og prosjektforslag og prioritera innføring av digitale fellesløysingar som støttar prosessar og tenester. Kommunane skal søke å følgje innføringsløp for nasjonale og regionale løysingar, med tilhøyrande rettleiing og metode, når desse er del av prosjektporteføljen til DigiVestland. Ved innføring av nye digitale løysingar er det kvar enkelt kommune sitt ansvar å realisere gevinstar knytt til dette.

Dei deltakande partane ber sine interne kostnader som følger av samarbeidet. Kommunane skal vera knytt til den nasjonale finansieringsordninga DigiFin.

5. Rapportering til kommunane

Oppgåvefelleskapet skal innan 1. mars kvart år rapportere til dei deltakande kommunane. Rapporteringa skal minimum omfatte årsrekneskap og årsrapport med porteføljeoversikt og ev. endringar i samarbeidsavtalen. Styringsgruppa vurderer om andre styringsdokument bør vera del av rapporteringa.

6. Finansiering og deltakaransvar

DigiVestland skal finansierast av innskot frå medlemskommunane, kontorkommunen sitt bidrag, og tilskot frå eksterne aktørar.

Oppgåvefelleskapet kan ikkje ta opp lån.

6.1. Eigar- og ansvarsdel

Den enkelte deltakarkommune har eit uavgrensa ansvar for sin del av oppgåvefelleskapet (jf. Kommuneleva §19-2). Dette gjeld til dømes ved rettstvist eller andre forhold som påfører oppgåvefelleskapet økonomiske eller andre pliktar.

Kvar kommune sin eigar- og ansvarsdel er i samsvar med tal innbyggjarar i kommunen per 31. desember 2023, og rekna etter kommunen sin prosentvise del av innbyggjartalet i kommunane i

fylket, som til ein kvar tid er deltakar i samarbeidet. Endring i avtalepartar skal ligge føre i endringsbilag.

6.2. Årleg deltakarinnskot

Bergen kommune er kontorkommune og bidrar økonomisk i samarbeidet gjennom drift og utvikling av samarbeidet. Dette inneber mellom anna arbeidsgjevaransvar for tilsette i kontorkommunen, tilgang til kontorlokale, system og rammeavtalar. Kontorkommunen skal sørge for at samarbeidet har kompetanse og kapasitet i samsvar med portefølje og grunnleggjande oppgåver.

Bergen kommune har ein særskilt posisjon som nest største kommune i landet, og bidreg på den nasjonale arena. Dette gir òg eit særleg ansvar for å bidra til eit sterkt samarbeid i regionen, og til å fremja regionen sine interesser på nasjonale arenaer og samstyringsstrukturen.

Kommunane elles betaler årleg eit fast grunnbeløp samt eit beløp per innbyggjar, med ei øvre total betalingsgrense. Ved oppstart av avtalen er grunnbeløpet kr. 70 000, innbyggjarbeløpet kr. 24, og øvre betalingsgrense kr. 600 000. Fakturering skjer etter SSB sin oppdatering av innbyggjartal per 31.12. førre år. Dersom kommunar eller IKT-samarbeid utfører oppgåver knytt til formål og innsatsområde i DigiVestland, kan disse etter avtale bli kompensert gjennom frikjøp eller reduksjon i deltakarinnskot.

Representantskapet kan kvart år gjera endringar i beløpa for deltakarinnskot, med ei maksimal auke i grunnbeløp, innbyggjarbeløp og øvre betalingsgrense på inntil 20%. Prisjustering, større finansieringsbehov eller anna, kan føre til behov for endring av betalingsnøkkelen for deltakarinnskotet, utover 20%. Slike endringar skal vedtakast av det enkelte kommunestyre. Alle justeringar i beløp skal dokumenterast som endringsbilag til avtalen.

Enkeltprosjekt skal i hovudsak finansierast av deltakande kommunar sin eigeninnsats, tildelte midlar frå regionale og nasjonale aktørar. Plan for prosjektfinansiering skal leggst fram for styringsgruppa for vedtak. Den enkelte kommune har sjølvstendig ansvar for interne kostnader knytt til mottak av prosjekt og gevinstrealisering.

7. Varigheit, endringar og oppløysing

7.1. Varigheit

Avtalen gjeld frå 01.01.25, eller anna tidspunkt for underteikning etter denne dato.

Deltakarkommunane kan fatte vedtak om å tre ut av oppgåvefellesskapet etter reglande i kommunelova kapittel 19. Slikt vedtak må meldast til dagleg leiar og leiar for styringsgruppa innan 1. oktober kvart år, fyrste gong innan 1. oktober 2026.

Kommunen kan seie opp avtalen etter vedtak, med eit års oppseiingsfrist frå vedtaksdato.

Plikt til finansiering og innskot for kommunen som går ut, opphøyrer frå og med dato for utgang. Kommunar som går ut av fellesskapet skal dekke dokumenterte kostnader ved utgang, både for seg sjølv og for oppgåvefellesskapet.

7.2. Endringar

Alle forslag til endringar av denne avtalen som ikkje går frem av kommunelova §19-4, 4. ledd, krev minst 2/3 av stemmene i representantskapsmøtet som behandlar forslaget.

Alle endringar skal leggest ved avtalen som endringsbilag.

7.3. Oppløysing

Innstilling om oppløysing av oppgåvefellesskapet krev minst 2/3 av stemmene i representantskapsmøtet som behandlar saka.

Det er det enkelte kommunestyre som vedtar oppløysing av oppgåvefellesskapet. Oppløysing er avhengig av at minst 2/3 av dei deltakande kommunestyra vedtek dette.

Ved oppløysing skal representantskapet sette ned eit avviklingsstyre som skal utarbeide forslag til oppgjær mellom kommunane om mellom anna eigedelar, økonomiske forplikingar og inngåtte avtaler.

Ved oppløysing er det kontorkommunen som har ansvar for oppgåvefellesskapet sitt arkiv, og som skal sørge for å gjere arkivet tilgjengeleg for offentlege myndigheiter og den enkelte deltakarkommune.

Stad, dato

Signatur kommunedirektør